



FJELL KOMMUNE

Plan- og utbyggingssjefen

Hordaland fylkeskommune
Samferdselsavdelinga
v/ fylkesdirektør Håkon Rasmussen

Hordaland fylkeskommune

03 MAR 2017

Dykkar ref.

Vår ref.

2017/1683 - 4608/2017

Saksb. – tlf.

Marit Selberg Sigurdson - 55097373

Dato

23.02.2017

Søknad om midlar til trafikksikring og punktutbetring av Fv 210 og Fv 209 i Fjell kommune

Viser til synfaring og møter mellom Fjell kommune og Hordaland fylkeskommune hausten 2016.

Fjell kommune har funne moglegheit til å investera i trafikksikring og punktutbetring på Fv 210 Vestsidvegen og Fv 209 Foldnesvegen, og ber Hordaland fylkeskommune om å bidra i eit spleiselag for å få utført utbetringstiltaka. Det er eit fylkeskommunalt ansvar at desse vegane er forsvarlege, men politkarane i Fjell kommune ønskjer å bidra til at utbetringane vert framskunda, i samsvar med godkjende reguleringsplanar. Fjell kommune inviterer til deling av utgiftene, der kommunen bidreg med delar av kostnadane og ber om at Hordaland fylkeskommune tek det resterande beløpet.

Om Fjell kommune

Fjell har lenge vore ein vekstkommune, og ved inngangen til 2017 har vi over 25 000 innbyggjarar. Etter storleik har kommunen ei av dei yngste befolkningane i landet, med rundt 30% under 20 år.

Den historiske folketalsveksten og høg grad av pendling både inn og ut av kommunen, gjer at infrastrukturen i kommunen er ei utfordring. Vegnettet er ikkje tilpassa trafikkbelastninga, og forholda for mjuke trafikantar langs vegnettet er mange stader svært dårleg. Standarden på fylkesvegane i kommunen er gjennomgåande dårleg. Vegane er smale og uoversiktlege, og mange burde for lengst vore oppgradert. Det er også eit stort etterslep på vedlikehaldet.

Kommunedelplan for trafikksikring 2017-2020 (TS-planen) forankrar visjonen for trafikksikringsarbeidet; *Ei ulukke er éi for mykje!* Med bakgrunn i visjonen er det formulert fem satsingsområde i planperioden

| | |
|---------------------------|---|
| Barn og unge: | - auka tryggleiken for mjuke trafikantar |
| Trafikantåtferd: | - prioritera førebyggjande og haldningsskapande arbeid |
| Sykkel: | - Fjell skal bli ein kommune der det er attraktivt og trygt å sykla |
| Planlegging og utbygging: | - trafikktryggleik skal prioriterast i all planlegging og utbygging |
| Ulukker: | - redusera talet på personskadeulukker med 20 % i planperioden |

Under høringsperioden til TS-planen kom det mange innspel til utbetringstiltak på Fv 210 og Fv 209. Dei omsøkte tiltaka er forankra i handlingsplanen til TS-planen, under investeringstiltak på fylkesvegar. Gjennomføring av tiltaka vil støtta opp under fleire av målsetnadane i planen. Særskilt vil tiltaka føra til auka tryggleik for mjuke trafikantar langs dei to fylkesvegane.

Fv 210 Vestsidevegen: kryss Møvik kai til Apalvågen:

I Nasjonal vegdatabank er det registrert 13 ulukker på Fv 210 frå Møvik til Apalvågen, mellom 2000 og 2015. ÅDT på denne strekninga er 2100 (2015-tal), med ca 5% tunge køyretøy. Det føreligg godkjente reguleringsplanar for både strekning 1 og 2.

Strekning 1: Fv 210 frå kryss Møvik kai og 375 meter nord mot Skålevika:

Der Fv 559 går over til Fv 210 ved Møvik, er det svært smalt og uoversiktleg, og berre mogleg for eitt køyretøy å passera om gongen. Det finst ikkje trygge alternativ for dei mjuke trafikantane, som må gå og sykla i køyrebana.

Strekninga gjeld punkt 1 og 2 som vist i vedlegg for Vestsidevegen.

Punkt 1: Fv 210 HP1 0-170 m.

Punkt 2: Fv 210 HP1 170-375 m.

Det er behov for utbetring til Sa2-standard med gang- og sykkelveg frå 0-375 m. Standardhevinga er kostnadsrekna til totalt 15 millionar kroner.

Strekning 2: Fv 210 frå Apalvågen kai og om lag 560 meter nord mot Eide:

Fv 210 frå Skålevik mot Apalvågen kai, har i dag SA2-standard med gang- og sykkelveg. Vidare nordover smalnar vegen til eitt køyrefelt, utan noko trygt alternativ for mjuke trafikantar. På denne strekninga er det mykje tungtransport i samband med Vågen Seafood AS, lokalisert på Sekkingstad.

Det er behov for utbetring til Sa2-standard med gang- og sykkelveg frå Fv 210 HP1 3565-4125 m. Standardhevinga er kostnadsrekna til om lag 23 millionar.

Utbetringsbehov:

Fv 209 Foldnesvegen, frå Foldnes skule til kryss gamle Foldnesvegen, 1728 meter:

Det bur om lag 2300 innbyggjarar i grunnkrinsane på Foldnes, og om lag 300 barn går på Foldnes barneskule, med Fv 209 Foldnesvegen som skuleveg. ÅDT på strekninga frå Foldnes skule til kryss gamle Foldnesvegen er om lag 4500 (2015-tal), med 5% andel tunge køyretøy. I Nasjonal vegdatabank er det registrert 14 trafikkulukker på Fv 209 Foldnesvegen

mellom 2000 og 2015. Standaren på køyrevegen er varierende, med fleire svært smale parti og uoversiktlege strekningar. Dei eksisterande fortau er smale og i dårleg forfatning. Enkelte av dei smale vegstrekka har ikkje fortau, og er sær s trafikkfarlege for mjuke trafikantar. Dette gjeld særskilt strekninga frå Grunnvågen til kryss ved gamle Foldnesveg. Det ligg føre fleire godkjente reguleringsplanar på heile strekninga.

Det er behov for utbetring til Sa2-standard med gang- og sykkelveg på heile strekninga, 1728 m. Standardhevinga er kostnadsrekna til om lag 80 millionar kroner.

Kostnadsestimat:

| Vegstrekning | Estimert kostnad |
|-------------------------------|-------------------------|
| Fv 210 Møvik, strekning 1 | 15 mill. |
| Fv 210 Apalvågen, strekning 2 | 23 mill. |
| Fv 209 Foldnesvegen | 80 mill. |
| Totalsum | 118 mill. |

Fjell kommune ønskjer å komma i gang med desse trafikksikringstiltaka så raskt som mogleg. Det er stor politisk vilje til å utbetra Fv 210 og Fv 209, og det vert med dette søkt om at Hordaland fylkeskommune tek sin del av kostnadane. Fjell kommune ber om at Fylkeskommunen set av midlar til desse prosjekta i 2018/2019, og at dei vert innarbeidd i prosjektplanane til Statens vegvesen.

Fjell kommune vil snarleg ta kontakt med Fylkeskommunen og Statens vegvesen, for å drøfta desse prosjekta nærare.

Vedlegg:

- Fv 210 Vestsidvegen, punkt 1 – Møvik
- Fv 210 Vestsidvegen, punkt 2 – Møvik
- Fv 210 Vestsidvegen, punkt 3 - Apalvågen
- Oversiktskart reguleringsplanar Fv 209 Foldnesvegen
- Kart over utbetringar Fv 209 Foldnesvegen
- Oversiktskart Fv 210 Vestsidvegen

Med helsing

Marianne Sandahl Bjorøy
Ordførar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.